

Frå: Kvam herad

Til: Kommunal- og regionaldepartementet, Postboks 8112 Dep, 0032 OSLO

Vår ref.: 09/89-19 Arkiv: N-000 Dykkas ref: 09/1273-2 ELO Dato:17.07.2009

Merknader til forslag til endring av teknisk forskrift/sikkerhet mot naturpåkjenninger

Det er viktig at endringsforslaga vert klargjerande for kommunane når dei skal ta stilling til søknad om løyve til tiltak på eksisterande byggverk, som ligg i rasfarlege område - aktsemdområde. BE sin temavegleiar HO-1/2008 om "Utbygging i fareområde", kapittel 4 gir kommunane ein del haldepunkt i byggesakshandsaminga, og det er viktig at desse retningslinjene vert oppretthalde og utvikla vidare i samband med endringsforslaga. I samband med eit interkommunalt prosjekt Kvam herad har teke initiativ til ser at i enkelte kommunar ligg over 50 % av alle bygg i aktsemdområde for skred. Det viser at klare retningslinjer for sakshandsaming i aktemdområde er avgjerande for å sikre ei effektiv forvaltning av byggesakene. Til dømes må kommunane utan geoteknisk kompetanse i kvar byggesak ta stilling til om det må settast krav om å innhente ein geoteknisk rapport før søknad om løyve til tiltak på eksisterande bygg i aktsemdområde vert handsama.

Kvam herad har som ambisjon gjennom handheving av reglene i pb-lova å hindre nybygg i skredfarlege område, og å redusere skredfaren på eksisterande bygg. Vår uttale er m.a. basert på erfaring tileigna gjennom eit interkomunalt skredfareprosjekt, skredsikring av 11 bustadhus i Kvam og bruk av NGU sine aktsemdkart i kommunal sakshandsaming.

Interkommunalt skredfareprosjekt

Kvam herad har tatt initiativ til eit eittårig skredfareprosjekt 2008-2009. Målet er å utarbeide ein metode for skredfarekartlegging i små og mellomstore kommunar, og etablere faresonekart for Kvam herad. Det er eit interkommunalt prosjekt kor kommunane Kvam, Jondal, Granvin, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Fusa, Vaksdal og Osterøy er med. Hordaland fylkeskommune har støtta prosjektet med midlar frå program for partnerskap for kommuneplanlegging.

Gartveit, Øystese, Kvam herad

På grunnlag av bekymringsmeldingar frå huseigarar og NGI rapportar om skredfare og sikringstiltak er det no satt i gang skredsikring av 11 hus i Gartveit, Øystese. Sikringsarbeidet har fått støtte frå NVE. Sikringstiltaka vil redusere sannsynet for treff av skred frå 1/50 til 1/333 per år. Spørsmålet frå huseigarane er om kva dei får lov til å gjera på sine bustader og eigedomar etter endt sikringstiltak. Det finst for få haldepunkt i gjeldande regelverk for å svare konkret på dette spørsmålet, og endringsforslag til TEK §7-32 må ta høgde for dette.

Aktsemdkart

I Kvam er det tilgjengeleg to aktsemdkart:

- NGU sitt nye aktsemdkart for steinsprang (2009)
- NGI sitt skredkart for snø- og stein (som har vore nokre år), og som etter kvart skal erstattast av nye kart frå NGU.

Aktsemdkarta er grove kart (1:50 000) laga frå 20m-koter. I følge NGU sin rettleiar for bruk av aktsemdkarta skal karta brukast i kommuneplanens arealdel, og ikkje direkte i reguleringsplanlegging eller byggesakshandsaming. Aktsemdkarta er derfor ikkje eit godt nok verktøy for å avgjøre om eit areal tidfredstiller krav til sikkerheit mot naturfarar, jfr TEK § 7-32. Det er òg viktig å få med seg at område utanfor aktsemdområde kan vere skredfarlege, då skrentar lågare enn 20 meter, og i nokre tilfeller opptil 50 meter kan falle utanfor aktsemdkartet.

I mange kommunar er aktsemdkarta det einast verktøyet ein har for planlegging og plan- og byggesakshandsaming, for å ta stilling til spørsmålet om å innhente geoteknisk rapport før godkjenning. I Kvam herad krev me i utgangspunktet alltid geoteknisk rapport når det vert søkt om samtykke til tiltak på eksisterande bygg som ligg innanfor aktsemdområde. Det faste utval for plansaker har, som referert til under, i visse tilfelle gitt rådmannen fullmakt til å vurdere når slik rapport er nødvendig. For tiltak som skjer på bygg som ligg utanfor aktsemdområde vert det som hovudregel ikkje stilt krav om geoteknisk rapport. NGU understreker at aktsemdkarta er grove slik at også areal/bygg utanfor aktsemdkartet kan vere utsett for skredfare. Dei nye aktsemdkarta frå NGU si kartløyvinga er betre på dette område sidan dei har ein grovare inndeling som ikkje oppfattast som ein fasit-strek. Kvam herad ynskjer at endringsforslaga og vert meir eintydig på når geoteknisk rapport er nødvendig for å gje samtykke til tiltak etter pb-lova.

Tiltak på eksisterande bygg i aktsemdområde

TEK § 7-32 er ikkje klargjerande når det gjeld tiltak på eksisterande bygg. Kva for tiltak kan ein gjere på eit eksisterande bygg, som ligg i aktsemdkarta, utan at kommunen må be om geoteknisk rapport på skredfaren? Dette er eit aktuelt tema for Kvam herad som har hatt fleire slike saker til handsaming. Me har brukt BE sin temavegleiar HO-1/2008 om "*Utbygging i fareområde*". I kapittel 4 vert uttrykket "ytterlegare i strid" med § 68 i plan- og bygningslova brukt. Politikarane i Kvam har gitt rådmannen fullmakt til å vurdere når eit tiltak ikkje er i ytterlegare i strid, og når eit tiltak treng rapport:

NPB-019/09 Vedtak: *I område med potensiell skredfare slik det er vist i NGU sitt aktsemdkart (www.skrednett.no) krev Kvam nærings- plan og bygningsutval at det vert innhenta geoteknisk vurdering av skredrisiko/- sikring, og at sikring vert utført før løyve til tiltak etter søknad om tiltak etter Plan- og bygningslova vert gitt. Geoteknisk rapport skal utarbeidast av føretak med relevant kompetanse innan geoteknikk/ skredsikring. Mindre tiltak, t.d. altan, terrasse, mindre garasjebygg, tilbygg og anna som går inn under reglane for "Melding om tiltak" kan tillatast om det ikkje kjem ytterlegare i strid med Plan og bygningslova §68. Når samla oversikt for skredfare i Kvam føreligg, skal saka opp til ny handsaming.*

I forslaget til endring er det ikkje klart om BE sin temavegleiar HO-1/2008 gjeld. Fjerde ledd i forslaget til endring liknar mykje på det som står i BE sin temavegleiar HO-1/2008, men i følge

merknaden i forslaget gjeld fjerde ledd for område med fare for sekundærverknadar. Gjeld den òg for eksisterande bygg i aktsemdområde? Om ikkje, kvifor kan ein byggje på bygg som kan råkast av sekundærverknader av skred, men ikkje dei som kan ligge i skredfarleg område?

Enkle analyser av bygg i kommunane og aktsemdområde viser at i Kvam er det over 2000 bygg i aktsemdområde for skred (18,8 %). For bustadbygg og fritidsbygg (med unntak av garasje og uthus) ligg prosenten på 22 % og 10 %. For samarbeidande kommunar varierer tala frå 10-50 % av bygga, snittet er på 25% av bygga og 26,5% for bustadbygg. For Hardanger samla ligg tala på 34,8 % for bygg i aktsemdområde, 41,7 % av bustadbygg og 16,7 % av fritidsbygga.

Dei fleste bygg ligg nok ikkje i skredfarleg område sjølv om dei ligg i eit aktsemdområde. Om ein får laga ei skredvurdering av eit føretak med geoteknisk ekspertise vil truleg mange bygg ligge utanfor 1000-årsskredet. Spørsmålet er om det er nok ekspertar tilgjengeleg til å dekke behovet når alle kommunane tar aktiv i bruk aktsemdkartet i handsaminga. Dette kan bli ein flaskehals i handsaminga, til dømes har NVE problem med å skaffe nok ekspertise, og private føretak bruker lang tid på å levere rapportar sidan dei har så mange oppdrag. Me nemner denne problemstillinga for å sette søkelyset på tydinga retningslinjene har for sakshandsaming i kommunane, og at klare retningslinjer dannar grunnlaget for ei effektiv forvaltning.

Oppsummering

Kvam herad meiner gjeldande regelverk ikkje er avklarande nok, og av den grunn kan ein risikere at sakshandsaminga etter pb-lova er avhengig av ekspertuttalar. Dette skaper ein situasjon der innhenting av ein geoteknisk rapport er ein flaskehals med dei følgjer det har for auka tidsbruk og ei mindre effektiv forvaltning. Sidan mange bygg i våre kommunar ligg innanfor aktsemdområde for ras, er det ventande at mange av søknadene om løyve til tiltak vil vera relatert til problemstillingane mindre tilbygg, påbygging og underbygging av eksisterande byggverk i skredfarleg område. Klare retningslinjer vil sikre at tiltakshavar, på grunn av uklare retningslinjer frå styresmakta si side og eit førevar prinsipp frå kommunen si side, slepp å innhente ein ”unødvendig” geoteknisk rapport. Det vil bidra til å halde kostnadene og tidsbruken i byggesaksprosessen nede.

Helsing

Geolog

Tore Dolvik

Prosjektleder Skredfareprosjektet

Kvam herad

Tlf: 56 55 30 76

E-post: tordol@kvam.kommune.no